

# Sekundærobservasjon – informasjon

Informasjonen er utarbeidet ved Kompetansesenter for lindrende behandling, Helse Vest og benyttet etter avtale med kompetansesenteret.

## Målsetjing

- Lette skildring av symptom, gi felles referanseramme i kommunikasjon og rapportering av pasientane sin tilstand.
- Forenkle og standardisere dokumentasjonen for den enkelte pasient.
- Oppnå best muleg symptomlindring for pasientane.
- Kvalitetssikring for arbeidet med den enkelte pasient og for arbeidet ved eininga som heilskap.
- Oppøving i systematisk registrering som eventuell førebuing til forskning.

Registreringa byggjer på sekundær observasjon frå personalet eller familien. Dette skjemaet blir fylt ut to gonger dagleg når pasienten er for dårleg til å fylle ut eller medverke til intervju på grunn av medvitsnivå, allmennstilstand, kognitiv evne eller generelt stress.

Det blir sett eit kryss på kvar linje. Den venstre enden av linja skildrar uproblematisk situasjon og høgre enden av linja skildrar verst tenkeleg tilstand.

## Nærmare forklaring og bruk av omgrepa:

### Allmenntilstand

Slappheit, trøttleik, svakheit, behov for kvile, sengeleie.

WHO/ECOG-status:

0 = Normal aktivitet

1 = Begrensing ved fysisk aktivitet.

Oppegåande, kan gjere lett arbeid

2 = Oppe > 50% av dagtid. Sjølvhjelpen, kan ikkje arbeide

3 = I seng eller stol > 50% av dagtid. Noko hjelpetrengande

4 = Heilt sengeliggande. Heilt hjelpetrengande

### Pustebevisvæ

Dyspne, tungpust, bevisvæ ved respirasjon, overflatisk respirasjon, forhøga respirasjonsevne, cyanose.

Pustebevisvæ begynner ofte ved anstrenging, pustebevisvæ i kvile er oftast teikn på auka grad av bevisvæ.

"Dødsralling" blir ikkje registrert viss det ikkje er tydeleg subjektivt ubehag for pasienten.

Hoste er ikkje rekna som eit problem her.

### Matinntak og drikke

"Normalt" tilsvarer matinntak hos frisk person, det vil seie fire hovudmåltid (frukost, lunsj, middag, kvelds)

- Brødmåltid: 2 (1½ - 3) skiver brød
- Middag: 2-3 poteter/grønsaker og 1-2 stykke kjøtt/fisk
- Tre glas mjølk, eitt glas juice og frukt pr. døgn

### **Medvitsnivå**

Grad av vaken, trøytt, sedasjon.

- vaken
- litt trøytt
- trøytt, lett å vekke
- vanskeleg å vekke
- bevisstlaus, ikkje muleg å få kontakt med

### **Orientering og kognitiv funksjon**

- Orientert for tid / stad / situasjon
- Kognitiv funksjon: Merksemd, hukommelse (nær-, fjernhukommelse), dømmekraft, vurderingsevne, logikk
- Konfusjon: vrangforestillingar, forvirring

### **Motorisk uro/ro**

Uavhengig av om det er psykisk eller fysisk årsak til uro.

### **Ansiktsuttrykk**

Korleis det verkar som pasienten har det ut frå ansiktsuttrykk/mimikk.

Fredfylt / ikkje fredfylt.

Inntrykk av om pasienten verkar plaga.

### **Kven har fylt ut skjemaet:**

H = Helsepersonell

P = Pårørande